

PROTOKOLLFRÅ ÅRSMØTET I IDROTTSLAGET HØDD (IL HØDD) VED ULSTEIN VIDAREGÅANDE SKULE, 18. MARS 2021 KL. 18.00

SAK 1: GODKJENNE DEI SOM HAR RØYSTERETT

23 personar var til stades ved starten av møtet og 6-10 personar følgde møte digitalt via Teams.

Årsmøte føreset at dei har røysterett, stadfesta av Per Ivar Moldskred.

Vedtak: Samrøystes godkjent.

SAK 2: VELGJE DIRIGENT(AR)

Styret la fram forslag om leiar Iselin Aske som dirigent.

Vedtak: Samrøystes godkjent.

SAK 3: VELGJE PROTOKOLLFØRER(E)

Dirigenten føreslo Marius Rosbach som protokollfører.

Vedtak: Samrøystes godkjent.

SAK 4: VELGJE TO MEDLEMMER TIL Å UNDERSKRIVE PROTOKOLLEN

Dirigenten føreslo Hallstein Saunes og Ingunn Hestnes.

Vedtak: Samrøystes godkjent.

SAK 5: HANDSAME INNKALLINGA

Årsmøtet har vore annonsert på nettsida til IL Hødd, samt på gruppene sine nettsider (fotball, handball og turn). Innkallinga er også sendt ut til alle medlemmane via IdrettenOnline.no. Saklista og dokument/ saker har vore tilgjengelege for medlemmane på gruppene sine nettsider minst 1 veke før årsmøtet. Dirigenten føreslo å godkjenne innkallinga.

Vedtak: Samrøystes godkjent.

SAK 6: HANDSAME SAKLISTE

Dirigenten føreslo å godkjenne sakslista.

Vedtak: Samrøystes godkjent.

SAK 7: HANDSAME FORRETNINGSORDEN

Dirigenten føreslo å godkjenne forretningsorden

Vedtak: Samrøystes godkjent.

SAK 8: HANDSOME IDRETTSLAGETS ÅRSBERETNING, HERUNDER EVENTUELLE GRUPPEÅRSMELDINGAR

Styreleiar Iselin Aske gjekk gjennom årsmeldinga for IL Hødd. Styret har lagt fram årsmelding for ILHødd og viser elles til dei andre gruppene sine årsmeldingar som er godkjende av laga sine respektive årlege møter. Dirigenten føreslo å godkjenne årsmeldinga(ne).

Vedtak: Samrøystes godkjent.

SAK 9: HANDSOME IDRETTSLAGETS REKNESKAP I REVIDERT STAND

Styret legg fram rekneskapan slik den ligg føre og viser til revisors beretning. Leiarane for gruppene orienterte om sine resultat i årsmøte. I eit svært krevjande år økonomisk, er fotball er einaste gruppe som har underskot.

Melding frå kontrollutvalet:

Leiar Erik Andreassen leste opp kontrollutvalet si beretning. Påpeika at handtering av politiattestar og personopplysningar må følgjast opp.

Melding frå revisor:

Statsautorisert revisor Einar Giljarhus Løkken gjekk gjennom balansen og konklusjonen i revisjonsberetninga. Dirigenten føreslo å godkjenne rekneskapa(ne).

Vedtak: Samrøystes godkjent.

SAK 10: HANDSOME FORSLAG OG SAKER

Sak 1. Medlemsrekruttering

Forslag frå Severin Myklebust om å gjere ein innsats for å auke medlemstalet. Etter at idretten gjekk over til digitale løysingar (Minidrett) blir det ikkje sendt ut papirfaktura/påminning som før. Fleire på årsmøte meiner klubben har potensiale til å nå fleire medlemmar som ikkje er like komfortable med digitale løysingar, eller av andre grunnar ikkje er merksame på den nye ordninga.

Hallstein Saunes føreslo å nytte lokalpresse og invitere personar til Høddvoll slik at dei kan få hjelp til å bli medlem. Styreleiar meinte forslaget til Saunes var godt.

Vedtak: Styret tek initiativ til eit arrangement i tråd med forslaget frå Saunes. Samrøystes vedteke.

Sak 2. Skattefrie gåver

Forslag frå Severin Myklebust om å kunne gi skattefrie gåver. Styreleiar orienterte om kva krav det stilte til idrettslaget og kriteria som gjeld.

Vedtak: Styreleiar foreslår at idrettslaget registrerer seg for å kunne få skattefrie gåver. Samrøystes vedteke.

Sak 3. Kontingent æresmedlemmar

Forslag frå Linda Dalehamn om å gå gjennom retningslinjene for æresmedlemmar og betaling av kontingent og gjere eit prinsippvedtak om at dette vert praktisert likt i heile klubben. Torbjørn Måseide meinte æresmedlemmar bør få dekka/sleppe innbetaling av kontingent.

Det blei påpeika at det kan vere Norges Idrettsforbund krev innbetaling frå medlemmar for at dei skal vere godkjende medlemmer.

Vedtak: Årsmøte ønsker at æresmedlemmar er friteke/evt. får dekkja kontingent.

Sak 4. Heidersmerke

Styret er svært glad for den frivillige innsatsen som svært mange gjer for IL Hødd og det er heilt klart at IL Hødd ikkje hadde vore eit idrettslag som vert lagt merke til og respektert for den frivillige innsatsen om ikkje det var for alle dei som bruker tid og krefter i dei ulike gruppene. Styret roser Heidersmerkenemnda for å halde orden i «sysakene». Leiar av nemnda Arne Flatin gjekk gjennom årets tildelingar:

40 ÅR: ERKEHØDDARDIPLOM:

Ragnhild kriken games
Randi dimmen

20 ÅR: TINNFATET:

Svenn Harald Walaunet
Guri M. Brevik

10 ÅR: POKALEN:

Jan Kåre Flø
Andre Skotheim Arve Vestnes
Jørn R. Skeide
Svein Arve Moldskred
Oddbjørn Husøy
Dag Terje Fjærtøft
Kristian ekornås
Inger anne dimmen
Rune Brandal Fatima Myrseth
Magnus Ottosen T
Tore liadal
(13. stk.)

Sak 5. Innlemme innebandy i IL Hødd

Saka blir behandla under sak 12 organisasjonsplan.

SAK 11: FASTSETTE MEDLEMSKONTINGENT OG TRENINGSavgIFT, ELLER GI FULLMAKT TIL Å FASTSETTE TRENINGSavgIFTER.

Styret viser til gruppene sine årsmeldingar og vedlegg til sakslista. Leiarane for gruppene oppsummerte slik for årsmøtet:

Fotball foreslår i hovudsak ei auke på 100 kroner — og noko større på rekruttлага. Styret jobbar med ei sak om korleis midlar skal fordelast mellom laga og klubben.

Handball foreslår å ha treningsavgifta på same nivå. Vil vurdere mot slutten av året om det er grupper som bør få ettergitt delar av treningsavgifta, ut frå tilbodet dei har fått.

Turn foreslår å auke treningsavgifta i tråd med prisvekst på ca. 2,5 prosent årleg.

Vedtak: Innstillingane slik dei går fram av vedlegget til sakslista samrøystes vedteke.

(ÅRSMØTE TOK PAUSE KL. 19.35-45)

SAK 12: VEDTA BUDSJETT TIL IDRETTSLAGET

Styret har lagt fram forslag til budsjett og meiner det er nøkternt og realistisk.

Vedtak: Styrets forslag samrøystes vedteke.

SAK 13: BEHANDLE IDRETTSLAGETS ORGANISASJONSPLAN

Styrets forslag til dagens organisasjonsplan låg føre.

Innlemme innebandy i IL Hødd

Thomas Trogstad som utviklingskonsulent i Norges innebandyforbund, orienterte årsmøte via Teams. Det er organisert tilbod om innebandy i Ulsteinvik med kring 25-30 barn i ei barnegruppe, fem i ei paragruppe og 12-14 vaksne som ønsker å starte opp aktivitet. Dei har starta forsiktig, men ønsker å utvide aktiviteten.

Trogstad viser til at innebandy har dobla talet på medlemmar i Møre og Romsdal dei siste åra og er den 3. største aktiviteten i landet (etter fotball og handball). Innebandy ønsker å organisere aktiviteten innunder eit idrettslag og har ressurspersonar som står klare til å drive. Dei har personar som er villig til å vere med i eit styre.

Susanne Løset og Liv-Tone Ulstein Brunstad stiller spørsmål ved konsekvensar for hallkapasiteten for Hødd handball, men stilte seg positive til å inkludere innebandy. Trogstad svarta at innebandy allereie i dag har halltid og vil «konkurrere» på lik linje med andre idrotter om halltid, uavhengig av innlemming i IL Hødd. Eit alternativ kan vere å starte ein frittstående klubb.

Jan Arild Roppen meiner Hødd bør inkludere den nye gruppa. Arne Flatin viste til at Hødd opp gjennom historia har inkludert ein rekke ulike aktivitetar. Tore Liadal påpeika at turn er mellom dei som er mest pressa på hallkapasitet, og at dei stiller seg positive til å innlemme innebandy.

Fleire i årsmøte peika på at det hadde vore ønskeleg med ei meir gjennomarbeidd sak frå styret. Styreleiar Iselin Aske opplyser at styret er positive til å inkludere innebandy i IL Hødd.

Vedtak: Innebandy blir med i IL Hødd som ny gruppe og organisasjonsplanen blir iustert i tråd med dette. Eit stort fleirtal røysta for dette

SAK 14: VAL AV STYRE, UTVAL OG KOMITEAR.

Følgjande innstilling frå valnemnda i IL Hødd er lagt fram for årsmøte.

Hovudstyret

Leiar: Iselin Eliassen Aske- på val

Nestleiar Kari Mette Sundgot, Fotball- på val

Medlem, Linda Hårberg, Handball- på val Medlem, Arne Flatin, Trim- på val

Medlem, Tore Liadal, Turn, på val

Fotballgruppa:

Leiar: Kari Mette Sundgot • på valg (1 år) —Attval

Einar Magne Skeide - ikkje på val

Hallstein Saunes - Ikkje på val

Sigvald Skeide - Ikkje på val

Anna Louise Gøksøyr Ikkje på val, men ønsker avløysing. Nytt styremedlem:

Lillian Kleven Breivik (1 år)

Erika Skarbø - på valg - 2 år - på val - Blir ikkje med vidare. Nytt styremedlem: Ingunn Hestnes — (2 år)

Andre Skotheim - 2 år - på val - Blir ikkje med vidare. Nytt styremedlem: Steinar Hauge — (2 år)

Handballgruppa:

Leiar: Linda Hårberg — på val

Lise Antonsen. Ulstein - ikkje på val

Marius Rosbach - ikke på val

Liv Tone Ulstein - på val - nytt styremedlem Susanne Løset (2 år)

Stig Mattis Aksnes - på val - nytt styremedlem Kristian Ekroll (2 år)

Vedrana Terzic — på val.- Attval

Lars Henrik Hasund, på val (2 år)

Turngruppa

Styreleiar Tore Liadal- på val (1 år)

Torgeir Grimstad, på val (2 år) Frode Rougnø, på val (2 år)

Vegar Brandal- på val (2 år) Dag Roland- ikkje på val

Kari Brandal- ikkje på val

Synnøve Grimstad- ikkje på val

Lovutvalet:

Eldor Skeide har bedt om avløyising i Lovutvalet. Nytt medlem: Atle Birger Flø • 2 år

Trimgruppa si innstilling til Gruppestyre:

Leiar: Arne Flatin- På val (1 år)

Nestleiar: Kathrine Kriken Garnes (2 år)

Kasserer: Tor Kåre Hareide (2 år)

Bjørn Seljeset — ikkje på val

Berit Sandvik Skeide - ikkje på Aval

Ann Karete Breivik- ikkje på val

Valnemnda:

Leiar: Vinjar Vikanes (på val)

Medlem: Arlen Løseth (på valg)

Medlem: Tommy Myrene (på valg)

Kontrollnemnda

Erik Andreassen- Ikkje på val .

Ann- Kristin Eiken- Ikkje på val

Heidersmerkenemnda

Leiar: Arne Flatin- (på val)

Medlem Eldor Skeide (på val)

Ragnhild Kriken Garnes (ikkje på val)

Vedtak: Samrøystes vedteke

Engasjere revisor til å revidere rekneskapen til idrettslaget. Styret har i denne perioden hatt BDO avd. Ulsteinvik ved Einar Giljarhus Løkken til å revidere rekneskapen til idrettslaget. Styret har vore godt nøgde med jobben som er gjort. Styret innstiller BDO som revisor for komande periode.

Vedtak: Samrøystes vedteke

Styreleiar Iselin Eliassen Aske avrunda årsmøte.

Ulsteinvik 18. mars 2021


Ingunn Hestnes


Hallstein Saunes

 24/3-21
Marius Rosbach
protokollfører

